



Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvalningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Vår referanse: 17/3404
Dykkar referanse: 16/2379 - 17/19562
Dato: 20.08.2017

Uttale til Lindås kommune Hordaland - Kunngjøring 1. gangs høyring og offentleg ettersyn for Langøy-Ospeneset akvakulturområde plan-id 1263-201606

Vi viser til kunngjering datert 30.06.2017 med framlegg til reguleringsplan for Langøy – Ospeneset akvakulturområde, plan-id 1263-201606.

Føremål og planstatus

Hovudføremålet med planen er å legge til rette for tilstrekkeleg areal for produksjon av matfisk på lokalitetane Langøy og Ospeneset.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfoldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særlig viktige å ta vare på, slik at komande generasjoner også kan hauste frå havet.

Arealbruk

Akvakulturløyve og viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor. De kan finne kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

Vi har tidlegare, 16.03.2017, gjeve innspel til melding om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram. Våre innspel er tatt omsyn til på ein god måte i planomtale og konsekvensutgreiing.

Vår vurdering

Etter vårt syn tar framlegg til arealbruk og føresegner høgde for planlagde og ev. framtidige justeringar av anlegga på lokalitetane. Fortøyningane som vil strekke seg inn i fiskeområda vil etter vårt syn ikkje være i konflikt med bruk av område til utøving av fiske.

Fiskeridirektoratet region Vest vil understreke at det ikkje vil medføre noko særskilt større rømmingsfare om anlegga blir større. Uttale om at lavare fisketettleik vil gjere det mindre utsatt må være basert på ei misforståing. Tvert i mot ser vi i fiskeridirektoratet region Vest at overgang til nye og større anlegg med større ringar gjer rømmingsfare mindre fordi anlegga er meir robuste. Ein del av dei gamle stålanlegga har i dag hovudkomponentbevis med 3 års varighet, mens nye plastanlegg er sertifisert og godkjent for 5 år. Nye anlegg er difor på mange måtar meir rømmingssikre.

Ein del av momenta som er omtalt i ROS er forhold som i dag er sett ut til sertifiseringsorgan som vil beregne kva eit anlegg skal tote, og dermed bli dimensjonert deretter. Sterk vind, ustabil byggegrunn ol er tatt med i berekningane i fortøyningsanalysen. Rømmingsfare, MOM-B, kjemikalier, brann ol er forhold med drifta og regulert i lovverk som vi har tilsyn med.

Det er og i planprogrammet diskutert genetisk påverknad på villaks, diskusjon om MTB osv. Vi vil presisere at ein må skilje mellom drift og plan der føresegner skal sette føringer for bruk av området.

Fiskeridirektoratet er imot at ein driv privat regulering i sjø for akvakulturanlegg. Dette er almenning utan private eigarar. Vi ser at ein ved slik regulering kan gje større «eigarforhold» til lokalitet, noko som og kan gjere det vanskeligare når ein innndrar lokalitetar som ikkje er aktive. Vi meinar at det ikkje er naudnyttig og ha privat reguleringsplan i eit område som det har vore anlegg og akvakulturområde lenge. Dette viser og oppsummeringa som viser at planframlegget har mindre til ubetydelige negative konsekvenser.

Dette burde vore løyst på ein anna måte istadenfor å sette i gang store planprosessar i forhold der fylkeskommunen føl opp sakene på høyring med sektormyndighetene. Reguleringsplanar bør kun nyttast i særskilte høve der det ikkje er noko form for akvakulturområde eller har vore akvakulturlokalitetar.

Konklusjon

Fiskeridirektoratet region vest skal ivareta fiskeriinteressene i plansaker og har på dette området ingen merknader til framlegg til reguleringsplan for Langøy – Ospeneset akvakulturområde og rår til at planen blir godkjend.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak 5914 ISDALSTØ
Kvernhusmyrane 20

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3 5003 BERGEN